



Utdanningsdirektoratet  
Postboks 9359 Grønland

0135 OSLO

**Dato**  
LEIKANGER, 18.03.2016

## **Søknad om dispensasjon frå forskrift til opplæringslova § 3-3 fjerde ledd**

### **Iedd**

Troms, Nordland, Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar har inngått samarbeid med Universitetet i Bergen– Hemil senteret, Nordlandsforskning og Oxford Research om eit forskingsprosjekt som skal prøve ut ulike tiltak for å hindre fråfall. Forskningsprosjektet er initiert og betalt av Kunnskapsdepartementet, ref. konkurransebeskriving 2006-04-07 nr. 402.

### **Prosjektet rommar tiltaka «Drømmeskolen» og «Nærværsteam».**

«Drømmeskolen» er eit helsefremjande program med elevane sitt psykososiale læringsmiljø i sentrum. Programmet er utvikla av *Voksne for barn* og er ein del av Helsedirektoratet si satsing på «psykisk helse i skolen».

«Nærværsteam» er retta mot oppfølging av ungdom som står i fare for å falle ut av vidaregåande opplæring, og såleis ikkje vil kvalifiserer seg for arbeidslivet. Målet er å skape gode overgangar til neste trinn i opplæringa, få ned elevfråvær, samt auke motivasjonen til å fullføre og prestere fagleg. «Nærværsteam» er ei fleirfagleg samansett gruppe som skal vere tett på eleven.

### **Grunngjeving for søknaden**

Prosjektet er ein effektstudie der eit av utfallsmåla er fråvær. Derfor er det viktig for prosjektet at utfallsmåla har god vitskapleg styrke. Den nye fråværsgrensa i forskriften til opplæringslova § 3-3 fjerde ledd, trer i kraft samstundes med prosjektstart. Forskningsmiljøet meiner at endringa i fråværsgrensa for at elevane skal bli vurdert i fag vil påverke validiteten av resultatet. Dette vil hindre ei samanlikning av resultata før og etter implementering av tiltaka ettersom føresetnadane er endra. Det er derfor viktig for eit vellukka forskingsprosjekt at fråværsgrensa ikkje blir endra før etter at forskningsprosjektet er avslutta i 2019.

Dispensasjonen frå forskrift til opplæringslova § 3-3 fjerde ledd, bør gjelde alle dei vidaregåande skulane i fylket og ikkje berre skulane som er intervensionsskular. Dette fordi det kan bli vanskeleg å ha ulike reglar for vurderingsgrunnlag i fag innan eitt og same fylke. Vi ser og at det kan føre til ujamn rekryttering av elevar mellom skular dersom regelverket blir handtert ulikt.

***Sogn og Fjordane fylkeskommune søker om forsøk etter opplæringslova § 1-4 for alle vidaregåande skular i fylket. Fylkeskommunen søker om å nytte reglane i forskrift til opplæringslova § 3-3 i perioden 2016 -2019 som vist under:***

### **§ 3-3. Grunnlaget for vurdering i fag**

Grunnlaget for vurdering i fag er kompetansemåla i læreplanane for fag slik dei er fastsette i læreplanverket, jf. § 1-1 eller § 1-3.



Føresetnadene til den enkelte, fråvær, eller forhold knytte til ordenen og åtferda til eleven, lærlingen eller lærekandidaten skal ikkje trekkjast inn i vurderinga i fag. I faget kroppsøving skal innsatsen til eleven vere ein del av grunnlaget for vurdering.

Eleven, lærlingen og lærekandidaten skal møte fram og delta aktivt i opplæringa slik at læraren og instruktøren får grunnlag til å vurdere eleven, lærlingen og lærekandidaten sin kompetanse i faget. Stort fråvær eller andre særlege grunnar kan føre til at læraren ikkje har tilstrekkeleg grunnlag for å gi halvårvurdering med karakter eller standpunktakrakter.

**Følgjande vidaregåande skular frå Sogn og Fjordane er med i prosjektet**

Mo og Øyrane vidaregåande skule skal prøve ut både «Drømmeskolen» og «Nærvarsteam»

Hafstad vidaregåande skule og Eid vidaregåande skule skal prøve ut «Drømmeskolen»

Firda vidaregåande skule er kontrollsksule, men får tilbod «Drømmeskolen» etter to år.

Med helsing

Bekka Skaasheim

Fylkesdirektør for opplæring

Kenth Rune T. Måren

teamleiar

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

Vedlegg:

Mottakar (ar)

Utdanningsdirektoratet Postboks 9359 Grønland 0135 OSLO

Kopi til:

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane Njøsavegen 2 6863 LEIKANGER